



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2022

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-1, skal Kommunestyret sjølv velge eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegne.

Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, forestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalgets uavhengige stilling i høve til andre folkevalgte organ og administrasjonen er ivareteke gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALETS SAMANSETNING

Etter kommunevalet hausten 2019 vart det valt kontrollutval for perioden 2019 – 2023 som etter seinare suppleringsval no har følgjande samansetning:

Navn	Funksjon	Parti
Kristian Blindheim*	Leiar	AP
Paul Hjelvik*	Nestleiar	PP
Torfinn Marken*	Medlem	SP
Marianne Frøland	Medlem	H
Margrethe Anundsen	Medlem	V

*medlem av kommunestyret

Varamedlemmer		
For fellesliste SP/KRF/G	Funksjon	Parti
Svein Wiik	Vara	FRP
Arnhild Vestnes	Vara	H
For fellesliste V/PP/AP/SV		
Geir Stokkeland	Vara	SV
Vidar Venås	Vara	Ap
Gayle Vestnes	Vara	PP

* medlem av kommunestyret

Inge Bergum(leiar), fekk i kommunestyret 15.09.22 sak 65/22 fritak frå vervet i kontrollutvalet. Som nytt medlem og leiar i kontrollutvalet vart Kristian Blindheim valgt.

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalets møter. Ordfører har møtt i ein del av utvalets møter. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor har møtt i handsaming av saker frå revisjonen.

3. SEKRETARIAT

Etter kommunelova § 23-7, skal Kommunestyret sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov.

Sekretariatet skal påsjå at de sakene som vert handsama av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalgets vedtak blir iverksett.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart frå 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Etter kommunereforma og frå 1.1.2020 består samarbeidet av Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar. I 2019 godkjente kommunestyra nye vedtekter og valgte å nytte overgangsordninga som kommunelova åpner for i § 31-2 når det gjeld interkommunale styrer etter § 27 i kommunelova av 1992. Innan 2023 må samarbeidet velge ein annan organisasjonsform enn § 27-organisering.

Styret er samarbeidet sitt øvste organ og ivaretek arbeidsgjevaransvaret for sekretariatet sine tilsette. Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, er valgt til styreleiar. Gudrun Herje Langseth, Rauma kommune, er valgt til ny nestleiar etter Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal kommune, som i Sunndal kommunestyre er innvilga fritak frå sine politiske verv.

Hausten 2021 vart det frå styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal igjen teke initiativ for å få til eit større sekretariat. Det vart sendt brev om dette til kommunane på Nordmøre og Møre og Romsdal fylkeskommune. Den 03.03.2022 fekk sekretariatet attendemelding frå Kristiansund kommune om at Nordmøre Interkommunale politiske råd (NIPR) hadde handsama initiativet frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal i sitt møte i kommunedirektørkollegiet 14.03.2022 sak 14-22. Nordmørskommunane stilte seg positive til å diskutere dette, og meinte det er riktig at fylkeskommunen vert involvert for å sjå på eit felles sekretariat. Styret ventar fortsatt på formell attendemelding frå Møre og Romsdal fylkeskommune på invitasjonen. Styret fatta derfor i møte 16.11.22 sak 20/22 vedtak om at styret fullfører prosess med omdanning til kommunalt oppgavefellesskap og at dialog om eventuell samanslåing til større sekretariat fortsett parallelt, eller på eit seinare tidspunkt.

I 2022 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Vestnes blitt ivareteke av rådgjevar Sveinung Talberg.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2022

4.0 Saksbehandling og møteavvikling

Kontrollutvalet har avvikla 6 møter og handsama i alt 35 protokollerte saker. Av dei er 5 saker sendt over til kommunestyret for endeleg handsaming, som fråsegn eller som referatsak. I tillegg er det i 2022 handsama 37 referatsaker og 26 orienteringssaker.

Kontrollutvalet sine møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalet sine møter vert halde for opne dører, hovudsakleg på rådhuset. Alle møter har vore avhalde som fysiske møte.

Kontrollutvalet har på førespurnad fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Vestnes vart vedteke av kommunestyret i møte 3.10.2019, sak 96/2019.

Plan for Kontrollutvalet si verksemd 2020-2023

Kontrollutvalet utarbeidar plan for kontrollutvalet si verksemd for kvar valperiode. Planen vert utarbeidd av nytt kontrollutval i løpet av første år etter nytt val. Kommunestyret godkjente planen i møte 29.04.2020, sak 28/20. På denne måten vert kommunestyret involvert i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023 er ein overordna plan som blir konkretisert av kontrollutvalet i ein årleg arbeidsplan.

Konferansar/opplæring

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse 02.02.-03.02.22 vart arrangert digitalt som følge av pandemien. Margrethe Bolli Anundsen og Torfinn Marken deltok frå kontrollutvalet. Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si fagkonferanse 07.06.-08.06.22 vart avvikla fysisk. Ingen frå utvalet ønskte å delta.

4.1 Tilsyn med revisjonen

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at:

a) kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at:

a) kommunens årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

b) rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.

c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kommunestyret i Vestnes valde i møte 23.5.2019, sak 40/19, å inngå som deltakar i Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) og valde samvirkeforetaket som revisor for kommunen. I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet i Vestnes godkjente oppdragsavtalen med MRR i møte 23.11.2020, sak 39/20. I avtalen vert det m.a. føresett at revisjonen legg til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen. I dette ligger det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjons-standardar.

Dagleg leiar i Møre og Romsdal Revisjon SA var fram til 1.3.2021 Veslemøy E. Ellinggard. Martin Gjendem Mortensen starta som ny dagleg leiar 1.11.2021. I mellomtida fungerte Kurt Anders Løvoll som konstituert dagleg leiar.

Anne Oterhals er oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for Vestnes kommune.

Utvalet har fått seg forelagt og handsama følgjande i 2022 frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor:

- **Revisjonsbrev nr. 1-2021 – Vestnes kommune** (Sak 12/22 den 02.05.2022)
- **Rapport frå årsoppgjørsrevisjonen 2021 - Vestnes kommune** (Sak PS 13/22 den 02.05.2022)
- **Uavhengig revisors beretning for 2021 - Vestnes kommune** (Sak 14/22 den 02.05.2022).
- **Rapport frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltnings 2021 – Vestnes kommune** (Sak 20/22 den 29.08.2022).
- **Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2022 - Vestnes kommune** (Sak 25/22 den 17.10.2022).
- **Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende byggerekneskap for Helsehuset Stella Maris** (Sak 26/22 den 17.10.2022).
- **Risiko- og vesentleganalyse før forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022 – Vestnes kommune** (Sak 31/22 den 05.12.2022)

Dokumenta er supplert med munnleg orientering frå oppdragsansvarleg revisor.

4.2 Kontrollutvalets fråsegn til årsberetninga og årsrekneskapet

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Etter § § 24-8, skal rekneskapsrevisor avgi ei revisjonsberetning til kommunestyret seinast 15. april. Det skal sendast kopi til kontrollutvalet, formannskapet og kommunedirektøren.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapen for 2021 for **Vestnes kommune**, og gitt si fråsegn til denne.

Vurderinga vart gjennomført med bakgrunn i FKT sin rettleiar for kontrollutvalet si fråsegn. I denne vurderinga ligger også eit påsjå-ansvar for rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet har i si fråsegn til årskneskap og årsmelding 2021 blant anna trekt fram at revisor har avgjeve revisjonsmeldinga for 2021 med ei presisering. Kommunen har ikkje handsama skattetrekksmidlane i samsvar med bestemmelsane i skattebetalingslova § 5-12. Det er skreve eit nummerert brev frå revisor, og kontrollutvalet er orientert frå revisor slik lovverket beskriv og kontrollutvalet følgjer opp saka overfor kommunedirektøren.

Kontrollutvalet peikte på at Vestnes kommune har negativt netto driftsresultat, har brukt opp disposisjonsfondet og har høgt akkumulert meirforbruk som må dekkast inn. Vurdert opp mot tilrådde måltal frå sentrale styresmakter, er ikkje Vestnes kommune sin økonomi berekraftig. Sidan det ikkje er midlar igjen på disposisjonsfondet til å kunne dekke opp meirforbruket frå 2019, inneber det at kommunen blir registrert på ROBEK-lista i løpet av 2022.

Kontrollutvalet peikar på at vedlikehaldsetterslepet knytt til vegar og bygg er betydeleg, men ikkje talfesta. Det er viktig at det vert utarbeidd tilstandsrapportar med talfesta vedlikehaldsetterslep og framtidig behov på dette området for å sikre at generasjonsprinsippet vert halde.

Utvalet har i 2022 fått framlagt eitt byggerekneskap som det er gjeve fråsegn til.

Utvalet får framlagt kommunedirektørens tertialvise økonomirapportar, budsjettendringar og finansrapportar til kommunestyret. Utvalet vurderer at det blir rapportert etter dei krav om rapportering som går fram av kommunelova §§ 14-5 og 14-13 og etter dei forutsetningar som kommunens økonomireglement og finansreglement bestemmer.

4.3. Nummererte brev

Etter kommunelova § 24-7, er det krav om at revisor i brev skriftleg skal påpeike nokre forhold overfor kontrollutvalet. Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering. Regelen er ikkje til hinder for at revisor sjølv vurderer om det er andre forhold som også bør rapporterast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har motteke eitt nummerert brev frå oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor i 2022. Dette er det gjort greie for i pkt. 4.2.

4.4 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Etter kommunelova § 24-9, skal rekneskapsrevisor sjå etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggjast fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Det vart i 2022 gjennomført forenkla etterlevingskontroll på området Sjølvkost. Rapport frå kontrollen vart lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 29.08.2022, sak 20/22. Etterlevingskontrollen viste at kommunen hadde 3 forbetningsområde:

- Kommunen bør gjennomføre nye oppdaterte berekningar av dei indirekte kostnadane.
- Kommunen må sikre at kriterier og berekningane av dei indirekte kostnadane i større grad blir

dokumentet.

- Kommunen må sikre at 5-årsregelen for disponering av overskot eller dekking av underskot vert overhalde.

Kontrollutvalet innstilte til kommunestyret på at kontrollutvalet følgjer opp om kommunedirektøren rettar opp i desse 3 tilhøva.

Kommunestyret fatta i møte 06.10.22 i sak 74/22 einstemmig vedtak i tråd med kontrollutvalet si innstilling.

Kontrollutvalet sette saka på oppfølgingslista i møte 17.10.2022 i sak 28/22 og ba i brev av 02.11.2022 om ei attendemelding frå kommunedirektøren om det er ei plan for å etterkome desse 3 tilhøva og evt. kva plana går ut på. Kommunedirektøren svarte i brev 21.11.2022 med ei plan for oppfølging av dei 3 punkta. Kontrollutvalet vedtok i møte 05.12.2022 at saka står på oppfølgingslista til ein ser resultatet frå arbeidet kommunedirektøren har sett i gang.

Kontrollutvalet fekk i møte 05.12.2022, sak 31/22 framlagt revisor si risiko- og vesentlegvurdering før etterlevingskontrollen for 2022.

4.5 Forvaltningsrevisjon

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav c), skal kontrollutvalet påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Etter § 23-3, er forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana. Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei. Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Det er utarbeidd **Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2023**, som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020, sak 27/20 og endeleg vedteke av kommunestyret i møte 17.09.2020, sak 76/20:

1. *Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:*
 - *Offentlege anskaffingar*
 - *Barnevern*
2. *Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokon av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i planperioden.*
3. *Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema som er omtala i planen.*
4. *Dersom det oppstår noko uføresett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon.*

Kontrollutvalet i Vestnes har fått framlagt to forvaltningsrevisjonsrapportar i 2021 som ein har fulgt opp også i 2022:

Kontrollutvalet i Molde kommune har bestilt forvaltningsrevisjon av **Barnevernstenesta i Molde, Aukra og Vestnes**. Barnevern er prioritert på Vestnes kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Molde kommune er vertskommune for tenesta. Det er kontrollutvalet i vertskommunen,

som har ansvar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar. Rapporten vart lagt fram for kontrollutvalet i Vestnes i møte 30.8.2021, sak 19/21. Kontrollutvalet i Vestnes er gjort kjent med at kommunestyret i Molde, etter innstilling frå kontrollutvalet i Molde, fatta vedtak om at kommunedirektøren skulle:

- a. Vurdere og gjennomføre tiltak for å redusere mulighet for brudd på taushetsplikt i barneverntjenesten.*
- b. Vurdere og gjennomføre tiltak for å løse sikkerhetsutfordringer i barneverntjenesten.*
- c. Videreføre påbegynt arbeid med å sikre at lovpålagte tilsynsbesøk og besøk i fosterhjem gjennomføres og registreres i nødvendig omfang.*
- d. Sikre at uklarheter knyttet til dialog, kommunikasjon, informasjonsflyt, rolle- og ansvarsavklaring i forhold til samarbeidsinstanser, følges opp.*

Administrasjonssjefen i Vestnes har lagt fram rapporten til kommunestyret som referatsak. Kontrollutvalet i Vestnes vil halde seg orientert om kommunedirektøren i Molde si oppfølging av tilrådingane, gjennom kontrollutvalet i Molde si oppfølging.

I kontrollutvalet sitt møte 21.03.2022 vart det orientert om kontrollutvalet i Molde si oppfølging. Kontrollutvalet i Molde hadde møte 21.02.2022 der dei fekk framlagt statusrapport frå barneverntenesta. Utvalet vurderte at anbefalingane blir godt oppfulgt, og vedtok å avslutte oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet. Kontrollutvalet ønskte å få framlagt barnevernets årlege tilstandsrapport når den foreligg, samt å motta jevnleg oppdatering om status i BUF-direktoratets kommunemonitor. Dei endra difor tittelen på saka på oppfølgingslista til «Barnevernstjenesten for Molde, Aukra og Vestnes». Bakgrunnen for dette var at dette området har ein ibuande risiko som kontrollutvalet bør følge opp, uavhengig av oppfølging av anbefalingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet som ble gjennomført i 2021.

Kontrollutvalet i Vestnes vedtok i møtet 21.03.2022 å følge barneverntenesta vidare ved å føre den opp på oppfølgingslista. Kontrollutvalet i Vestnes vil følge med på tenesta gjennom årlege tilstandsrapportar og eventuelle orienteringar, samt ved å følge med på Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUF-dir) sin kommunemonitor for barnevern.

Kontrollutvalet vedtok i møtet 17.10.2022 at ein til møtet 05.12.2022 får ei orientering og statusmelding frå barneverntenesta på bakgrunn av Tilstandsrapport for barnevernet 2021 var handsama i kommunestyret 15.09.2022.

Barneverntenesta fekk oversendt spørsmålsstillingar på førehand. Leiar for barneverntenesta viste ein presentasjon, orienterte og svarte på spørsmål digitalt på Teams i møtet 05.12.2022. Ein gjekk gjennom status på dei tema som er omtala i tilstandsrapporten for 2021 som tidlegare er handsama i kommunestyret. Heilheitsinntrykket er at tenesta driv godt med nesten alle stillingar besatt og tilfredsstillande sjukefråver. Det er nokre utfordringar knytt til ny barnevernslov og oppvekstreform. Kontrollutvalet vedtok å avslutte vidare oppfølging av barneverntenesta då ein registrerer at tenesta driv godt.

I møte 3.5.2021, sak 14/21, bestilte kontrollutvalet i Vestnes forvaltningsrevisjonsprosjektet «**Offentlege anskaffingar i Vestnes kommune**». Rapporten frå prosjektet vart lagt fram i møte 29.11.2021, sak 30/21. Kommunestyret i Vestnes gjorde i møte 16.12.2021 sak 124/21 følgjande vedtak, i samsvar med tilråding frå kontrollutvalet:

- 1. Kommunen skal sikre at det blir utarbeidd fullstendige anskaffingsprotokollar.*
- 2. Kommunen skal sikre at tilsette som gjer innkjøp har naudsynt kunnskap i anskaffingsregelverket.*
- 3. Kommunen skal sikre at det blir krevd skatteattest fra vald norsk leverandør ved anskaffingar som overstig kr. 500 000.*
- 4. Kommunen skal ta ein gjennomgang på ein kan auke si kompetanse i å ta miljøomsyn ved anskaffingar.*
- 5. Kommunen skal sikre at alle bestillarar og innkjøparar er godt kjent med kommunen sitt innkjøpsreglement.*

6. Kommunen skal sikre at alle som gjer innkjøp på vegne av kommunen er godt kjent med habilitetskravet.
7. Kommunen skal sikre at alle som gjer innkjøp på vegne av kommunen er kjent med at innkjøp skal vere basert på konkurranse.
8. Kommunen skal sikre at det er tilstrekkelig og god nok kompetanse på innkjøpsområdet.
9. Kommunestyret ber administrasjonssjefen sørge for at tilrådingane i pkt 1-8 vert følgt opp og påsjå at arbeidet vert gjennomført.
10. Kommunestyret ber administrasjonssjefen gje kontrollutvalet ein skriftlig plan for oppfølging av tilrådingane til kontrollutvalet sitt første møte i 2022.

Administrasjonssjefen sendte kontrollutvalet den 21.01.2022 handlingsplan for oppfølging av anbefalingane. Kontrollutvalet handsama plana og administrasjonssjef og einingsleiar eigedomsdrift var tilstades i møtet 07.02.2022 sak 5/22 og orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet ønskte ei statusoppdatering frå administrasjonssjefen på oppfølging av plana til sitt møte 02.05.2022.

I møtet 02.05.2022 gjorde Kommunedirektøren greie for kva som har skjedd sidan møtet i februar når sist orienteringar var gjeve. Dei fleste anbefalingar er no etterkomne. I tillegg vil ein innføre testar på at internkontrollen fungerer innanfor pkt. 1 og 3. Det som står att er å gjennomføre ei opplæring for nyttilsette. Det vil kome på plass i løpet av hausten 2022 når ein har ein heilskapleg og standardisert opplæringspakke på plass.

På bakgrunn av orienteringa frå kommunedirektøren avslutta kontrollutvalet oppfølging av saka.

I 2022 har kontrollutvalet også hatt oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt:

Kontrollutvalet behandla rapporten «**Hjemmetjenesten Vestnes kommune**» i møte 26.06.19 sak 21/19 Forvaltningsrevisjonsrapport og sendte straks over til endeleg vedtak i kommunestyret. Kommunestyret behandla ikkje saka før i møte 30.01.20 sak 8/20. Kontrollutvalet fekk presentert administrasjonssjefen si plan for oppfølging av tilrådingane i møte 19.2.2020. Konstituert einingsleiar for heimetenestene, Greta Bjerke og konstituert kommunalsjef helse- og omsorg, Elly Slettvoll, orienterte utvalet om status for oppfølging av tilrådingane, i møte 1.2.2021 OS 01/21. Utvalet vurderte at ein ikkje er i mål med oppfølginga enda, og ønskjer følgje opp vidare. Det vert bede om ein ny statusrapport til første møte 2022.

Kontrollutvalet fekk til møtet 07.02.2022 framlagt ein statusrapport frå einingsleiar Helsehuset Stella Maris. Einingsleiar var tilstades i møtet og orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet sit att med inntrykk av at mange av anbefalingane er i hamn trass i vanskar under pandemien, men at ein ikkje har fått på plass eit digitalt verktøy som dei tilsette kan nytte når dei er ute hos brukarane. Dette med bakgrunn i både forhold hos leverandør av det fysiske verktøyet, og leverandør av fagsystem. Samstundes har prioriteringane vore sterke i høve andre saker. Kontrollutvalet ønskte ei statusoppdatering frå einingsleiar på digitalisering jf. ovannemte punkt, til sitt møte 29.08.2022. Kommunedirektør og einingsleiarane orienterte i møtet 29.08.2022 og i henhold til skriv av 17.08.2022 som låg ved saka. Kontrollutvalet vedtok å behalde saka på oppfølgingslista. I møtet 17.10.2022 under sak 29/22 om verksemdsbesøk, kom det forslag om at ein i løpet 2023 burde vurdere eit verksemdsbesøk hos heimetenesta.

4.6 Eigarskapskontroll

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav d), skal kontrollutvalet påsjå at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Etter § 23-4, er eigarskapskontroll å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegera til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei.

Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Etter kommunelova § 26-1, skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Etter kommunelova § 23-6, 4.ledd, skal kontrollutvalet varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i desse møta.

Det er utarbeidd **Plan for selskapskontroll 2020-2023** som vart handsama av kontrollutvalet i møte 31.8.2020, sak 28/20 og endeleg vedteke av Vestnes kommunestyre 17.09.2020, sak 77/20.

Planen seier følgjande:

Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll i kommunen sine selskap i form av utsending av eit kartleggings skjema

Kontrollutvalet får delegert mynde til å avgjere om det skal gjennomførast eigarskapskontroll, på bakgrunn av funn i kartlegginga.

Dersom kommunestyret ikkje får framlagt årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i, så skal administrasjonssjefen sikre at desse vert lagt tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

I ny kommunelov er det kome eit krav om at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det er sett krav til kva eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesse i
- Kommunen sitt føremål med sine eigarintesser.

Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunestyret, for kommunen sine representantar i selskapa, og for kontrollutvalet sitt arbeid. Kommunestyret i Vestnes vedtok i møte 7.10.2021, sak 91/21, Eigarskapsmelding Vestnes kommune 2021.

Sidan eigarskapsmelding først vart vedteken i 2021, har ikkje kontrollutvalet i 2021 bestilt nokon eigarskapskontrollar.

I møte 21.03.2022 sak 8/22 bestilte kontrollutvalet ei kartlegging av kommunen si eigarskapsforvaltning i dei einskilde selskap kommunen eig. Resultatet gjev grunnlag for å bestille eigarskapskontroll i eit selskap.

Kontrollutvalgssekretariatet har etter dette vedtaket gjennomført ei kartlegging på i alt 14 selskap kommunen er eigar i, og på 21 ulike tema. Resultat av kartlegginga vart lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 05.12.2022 sak 32/22. Kontrollutvalet fatte følgjande vedtak:

Kontrollutvalet oppmodar Ad Hoc-utvalet Eigarskapsmelding om å rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

- Kommunen bør bli betre på informasjon og openheit i saker knytt til oppfølging av eigarskapa.
- Kommunen bør arbeide vidare for å sikre god kommunikasjon mellom Vestnes kommunestyre og kommunen sine representantar i selskapa sine eigarskapsorgan.

- Kommunen bør vise årsmeldingar og rekneskap for selskap kommunen har eigarskap i på kommunen si heimeside.
- Kontrollutvalet vil seinare vurdere om det på bakgrunn av resultatane frå undersøkinga på eigarskapsforvaltning skal gjennomførast ein eigarskapskontroll i 2023

4.7 Innsyn og undersøkingar i selskap o.l.

Etter kommunelova § 23-6, kan kontrollutvalet kreve dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, frå

- a) interkommunale selskap etter IKS-lova
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgåvefelleskap
- d) aksjeselskap der ein kommune eller fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Opplysningane etter første ledd kan krevjast frå verksemdas daglege leiar, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kontrollutvalet kan foreta undersøkingar i verksemda hvis det er nødvendig.

Kommunestyret kan fastsette reglar om kontrollutvalets kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap som er nemnt i første ledd, og om kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stade i desse møta.

Kontrollutvalets innsynsrett og rett til å foreta undersøkingar etter første og andre ledd gjeld på tilsvarande måte overfor andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal imidlertid berre omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Kontrollutvalet har i 2022 ikkje blitt varsla om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ eller gjennomført kontrollar i selskap nemnt i § 23-6 1.ledd, anna enn å ha fått innkallingar og protokollar frå styremøter og representantskapsmøter i ÅRIM IKS og Bingsa Gjenvinning AS. I tillegg har kontrollutvalet vorte varsla om representantskapsmøte i Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS (IKA). Ingen andre selskap har varsla kontrollutvalet.

4.8 Særlege oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalets særlege oppgåver følger av kommunelova § 23-7 og forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 2 og 8.

Sekretariat

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov. Kommunestyret velger sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets rolle i fastsetting av budsjett for kontrollarbeidet

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er sendt til kommunestyret for vidare handsaming.

Tilsetting, suspensjon, oppseiing og avskjeding av revisor

Kontrollutvalet innstiller i slike saker til kommunestyret.

4.9 Oppfølging av politiske vedtak

Etter kommunelova § 13-1, skal Kommunedirektøren påsjå at vedtak som vert treft av folkevalgte organ, blir iverksett utan ugrunna opphald. Etter reglement for kontrollutvalet i Vestnes kommune § 6, skal kontrollutvalet arbeide for å sikre at politiske vedtak i kommunen vert fulgt opp.

Kontrollutvalet skal følgje opp at administrasjonen set i verk og gjennomfører dei vedtak som er gjort av dei ulike politiske organ.

I Vestnes kommune rapporterer kommunedirektøren på ein god måte til kommunestyret om oppfølging av politiske vedtak. I driftsrapportane vert det rapportert om vedtak som ikkje er gjennomført. Oversikta viser både status og informasjon om vidare framdrift.

4.10 Oppfølging av kontrollutvalets saker

Kontrollutvalet har ei eiga oppfølgingsliste over saker til vidare oppfølging. Denne blir handsama og oppdatert i kvart kontrollutvalsmøte.

Saker på kontrollutvalets oppfølgingsliste som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2022:

- Forvaltningsrevisjonsrapport «Hjemmetjenesten Vestnes kommune»
- Forenkla etterlevingskontroll 2020 – Brukarbetaling ved institusjon
- Drift ved Stella Maris
- Resultat frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 – sjølvkost

4.11 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2021 ingen saker knytt til økonomisk utruskap eller andre forhold som kan tyde på alvorlege brot på reglar.

Utvalet har likevel undersøkt fleire saker på bakgrunn av kontakt frå innbyggjarar og politikarar:

- Handsaming av Huge Aqua Farming AS sin søknad om dispensasjon frå interkommunalplan for Romsdalsfjorden.
- Vestnes ressurscenter
- Drift ved Stella Maris

4.12 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli kjende med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet besøke ei verksemd eller alternativt kan ein einingsleiar inviterast til å gje ei orientering om si eining. Gjennomføring av verksemdsbesøk, eller ei slik orientering, gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga.

Kontrollutvalet ønskte gjennom vedtak i møtet 07.02.22 å gjennomføre eit verksemdsbesøk hos Tremek AS i samband med møtet 21.03.202. Møtet vart gjennomført som planlagt. Tremek AS har ulike utfordringar som vart gjort greie for av dagleg leiar. Ei oppsummering frå verksemdsbesøket vart lagt fram i referatsak 11/22 i møte 02.05.2022.

I samband med gjennomført forvaltningsrevisjonsprosjekt i barnevernstenesta og seinare sak på oppfølgingslista, vedtok kontrollutvalet i møte 17.10.2022 at ein ville ha ei orientering frå leiar for barnevernet i samband med kontrollutvalet sitt møte 05.12.2022. Tema var tilstandsrapporten for 2021 og status no. Leiar for barnevernet deltok orienterte utvalet via Teams i møtet 05.12.22. På bakgrunn av orienteringa avslutta utvalet oppfølging av barnevernet på oppfølgingslista.

I møtet 05.12.2022 deltok kommunalsjef oppvekst og orienterte om tilstandsrapport for grunnskulen i Vestnes 2021. Dette var eit ønske frå kontrollutvalet i eit tidlegare møte.

I møte 17.10.2022 ønskte kontrollutvalet å gjennomføre eit verksemdsbesøk på Helsehuset Stella Maris i samband med kontrollutvalet sitt første møte i 2023. Dette på bakgrunn av at drift av Helsehuset Stella Maris står på utvalet si oppfølgingsliste.

4.13 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å undersøke om kommunen har etablert ein betryggande og hensiktsmessig internkontroll.

Etter § 25-1 i kommunelova, skal kommunen ha internkontroll med administrasjonens verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgd. Kommunedirektøren i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemdas størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Dette inneber at kommunedirektøren skal:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Etter § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn minst ein gong i året. Det vart i årsberetninga for 2020 rapportert frå internkontrollen.

Vestnes kommune har etablert eit elektronisk verktøy for å ivareta internkontrollen.

I tillegg til dette har kommunen følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Økonomireglement og finansreglement for Vestnes kommune** (vedtatt 15.10.20, k-sak 98/2020, revidert 159.22, k-sak 59/22))
- ❖ **Delegeringsreglement for Vestnes kommune 2020-2024** (vedtatt 16.12.20, k-sak 127/2020)
- ❖ **Eigarskapsmelding Vestnes kommune 2021** (vedtatt 7.1.2021 k-sak 91/21)
- ❖ **Etiske retningslinjer for Vestnes kommune** (vedtatt 29.3.2012, k-sak 31/2012)
- ❖ **Risk manager – kommunen sitt elektroniske kvalitetssikringsystem**
- ❖ **Innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement for Vestnes kommune 2022-2025** (vedtatt 16.6.2022, k-sak 47/22)

4.14. Tilsyn frå andre

Eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med kommunen. Desse tilsyna kan avdekke lovbrudd, avvik eller risikoar i den kommunale organisering og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Etter kommunelova § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultatata frå statlege tilsyn minst ein gang i året. For 2022 vert det rapportert om dette i kvartalsrapportane til kommunedirektøren.

Kontrollutvalet har i 2022 handsama og fulgt opp følgjande tilsynsrapport:

Referatsak 25/22 i møte 29.08.2022; Tilsyn ved Eining for aktivisering og meistring

Arbeidstilsynet gjennomførte 28.03.22 tilsyn ved Eining for Aktivisering og meistring i Vestnes kommune. Tilsynet var meldt og tema for tilsynet var muskel- og skjelettplager og psykososialt arbeidsmiljø. Samlokaliserte boliger for utviklingshemmede, Liaråket og Bakketun, var valgt ut spesielt. Konklusjonen i tilsynsrapporten er at Arbeidstilsynet ser en rød tråd i presentert HMS-system, og mener på bakgrunn av opplysninger i tilsynet, at avdelingene har system og rutiner, som gir gode forutsetninger for HMS-arbeide. Konklusjonen var at det vart ikkje gitt nokon pålegg.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbedre kommunens tenesteproduksjon og myndigheitsutøving så vel som dei interne kontroll- og forvaltningsfunksjonar. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessene hos brukarane, og ein aktiv og truverdig kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalets arbeid krev at medlemmane er aktive og sett seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til kommunen.

Som kommunestyrets hjelpeorgan i kontrollspørsmål er kontrollutvalets virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, bl.a. for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne bistå i arbeidet for at kommunestyrets målsettingar blir realisert

Vestnes, 30. januar 2023
Kontrollutvalet i Vestnes kommune

Kristian Blindheim
leiar

Paul Hjelvik
nestleiar

Torfinn Marken
medlem

Margrethe Anundsen
medlem

Marianne Frøland
medlem